



Vinje kommune
Vinjevegen 192
3890 VINJE

Saksbehandlar, innvalstelefon

Andreas Riis Fossnes, 33371209

Fråsegn - forslag - reguleringsplan - Vinje - 136/71 - Mobø bustadfelt - Raulandsgrend - omregulering - planID 20240003

Vi viser til oversending frå Vinje kommune datert 03.12.2025.

Saka gjeld

Saka gjeld høyring og offentleg ettersyn av reguleringsplan Mobø bustadfelt i Vinje kommune. Planområdet er på om lag 18,7 dekar og hensikta med planen er å omregulere området frå fritidsbusetnad til bustad.

Rolla til Statsforvaltaren sine fagavdelingar

Statsforvaltarens fagavdelingar skal med heimel i plan- og bygningslova § 3-2 sjå til at planar ikkje er i strid med nasjonale og viktige regionale interesser innan miljøvern, klima, landbruk, samfunnstryggleik, folkehelse, barn og unge sine interesser og gravplassar. I medhald av plan- og bygningslova § 5-4 kan Statsforvaltaren ved fagavdelingane fremje motsegn til planar dersom desse er i strid med nasjonale eller viktige regionale interesser vi er sette til å ivareta.

For ordens skuld minner vi om at det er Statsforvaltarens justis- og vergemålsavdeling som handsamar eventuelle klager på kommunen sine vedtak.

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark inngjekk ein samarbeidsavtale 13.01.2021 med tidlegare Vestfold og Telemark fylkeskommune, som blir vidareført for Telemark fylkeskommune inntil vidare. Avtalen inneber at fylkeskommunen ivaretek barn og unge sine interesser i reguleringsplanar òg på vegner av Statsforvaltaren. Statsforvaltaren viser til fylkeskommunen si vurdering av barn og unge sine interesser i planvarsel og planforslag. Avtalen avgrensar ikkje Statsforvaltaren sin tilgang til å fremje motsegn til planforslag som er i strid med vedtekne nasjonale eller regionale mål, rammer og retningslinjer knytt til barn og unge sine interesser.



Innspel frå Statsforvaltaren sine fagavdelingar

Forureining

Støy

Vi registrerer at det er innarbeidd føresegnar om at *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging* (T-1442) skal leggjast til grunn i anleggsfasen. Vi ber om at støyføresegna blir supplert med at grenseverdiane gitt i T-1442 ikkje skal overskridast, og at dette skal leggjast til grunn både i drifts- og anleggsfasen.

Støv

Vi registrerer at det ikkje er innarbeidd føresegnar som sikrar ivaretaking av støv i anleggsfasen. Vi ber om at det blir innarbeidd ei føresegn om at omsynet til støvproblematikk i anleggsfasen skal handterast i samsvar med *Retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging* (T-1520).

Vassmiljø og kantvegetasjon

I samsvar med vassforskrifta §§ 4 og 5 er det eit overordna mål at tilstanden i overflatevatn skal beskyttast mot forringing, forbetrast og gjenopprettast slik at vassførekomstane oppnår minst god økologisk tilstand. For sterkt modifiserte vassførekomstar gjeld tilsvarande mål om godt økologisk potensial.

Vi registrerer at planforslaget legg opp til eit grøntdrag på 8–12 meter langs bekken for å sikre kantvegetasjon og tilgjenge til vassdraget, men at det samstundes blir opna for etablering av flaumtiltak i dette arealet. Dette kan kome i konflikt med omsynet til kantvegetasjonen og vassdragets økologiske funksjon. Vi tilrår at eventuelle flaumtiltak blir utforma på ein måte som ivaretek målsetjingane i vassressurslova.

Vi kan ikkje sjå at vassressurslova § 11 er omtalt i planforslaget, og minner om at tiltak som rører kantvegetasjon er søknadspåkrav. Vi tilrår at reguleringsføresegnene tydeleggjer krav om å oppretthalde kantsone langs vassdraget, jf. vassressurslova § 11. Dette er viktig for å bevare økologiske funksjonar og redusere risiko for erosjon og forringing av vassmiljøet. Vi viser til vår rettleiing om [Kantvegetasjon langs vassdrag](#), som gir nærare informasjon om krav og tilrådingar.

Med helsing

Lene Ottersen
fungerande plansjef

Andreas Riis Fossnes
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Telemark fylkeskommune	Postboks 2844	3702	SKIEN
Norges vassdrags- og energidirektorat	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Statens vegvesen - Transport og samfunn	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL